

Fire dåpsbarn i Uskedal kyrkje i dag.

06.11.2016



Dåpsbarna og ein av foreldra saman med sokneprest Lina Håland

Det vart ei ekstra vakker og kjenslelada gudsteneste i Uskedal kyrkje i dag. Heile fire born vart borne fram til dåpen. I tillegg var det lystenning for å minnast kjære som hadde gått bort det siste året. Såleis kan vi seie at kyrkjelyden fekk minnast både starten og slutten på livet.



[Klokkar Oddbjørg Heimark tenner lys for dei 13 som har gått bort siste året.](#)

Kyrkja var mest fullsett då gudstentesta starta med at klokkar Oddbjørg Heimark leia dåpsfølgjet opp midtgangen til vakkert orgelpreludium av kantor Eva Megyesi. Dei fire barna som vart døypte var Leander Bakke Taranger, Annabelle Halvorsen Tysse, Ellie Haugland Bondhus og Ingvild Myklebust. Det gjev ei spesiell kjensle av å vera til stades når så mange born vert borne til dåpen, og denne vert forsterka når sokneprest syng velsigninga så varmt og vakkert som avslutning på dåpsermonien for kvart barn.

Sidan det er Helgemesse-søndag i dag, var dei næraste til dei som hadde gått bort siste året, invitert spesielt til denne gudstenesta. Ved ein fin og enkel seremoni minnst vi dei 13 som hadde gått bort i Uskedal sokn. Presten les namna og klokkaren tente lys i globen for kvar av dei.

Nattverdsbordet vart godt besøkt, og det var offer som gjekk til søndagsskulen i bygda.

Neste gudsteneste er 27. november kl. 16. Då er det lysmesse. To dagar før det, den 25.november, er det ein ny temakveld med professor Magnar Kartveit.



Leander Bakke Taranger



[Annabelle Halvorsen Tysse](#)



Ellie Haugland Bondhus



Tekst foto og nett: Thor Inge Døssland